



Saksframlegg

Sak om vedtektsendring - Fyresdal barnehagen

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg:

- 1 SU sin uttale om sommarstengt barnehage
- 2 Forslag til endring av vedtekter i Fyresdal barnehage

Bakgrunn for saka:

I budsjettprosessen for 2025 la formannskapet inn ein føresetnad om sommarstengt SFO og barnehage i 3 veker.

Etter kommunestyret sitt budsjettvedtak 12.12.24, vart sommarstengt lagt inn og vil då gje behov for endringar av vedtektene. Ein ser også at vedtektene bør reviderast uavhengig av dette vedtaket.

Barnehagelova § 8 stiller krav til vedtektene i kommunale og private barnehagar. Det går ikkje fram verken av lovteksten eller forarbeida til lova om vedtektene til dei kommunale barnehagane er å rekne som forskrifter.

Utdanningsdirektoratet har gjort greie for alle høve under krav til vedtekter og konkludert med at vedtekter i kommunale barnehagar ikkje må vere utforma som forskrift, jf. definisjonen i forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a), jf. bokstav c).

Sak om sommarstengt SFO vil kome seinare, då denne er ei forskrift og må ut på høyring.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; der det står at ein skal ha god økonomistyring og tilpassa tenestenivå ut i frå tilgjengelege rammes.

Sommarstengt barnehage og SFO kom opp som eit tiltak for å halde dei økonomiske rammene framover.

Frå tidlegare står det i vedtektene at «I løpet av eit år må barna i Fyresdal barnehage ta ut 4 veker ferie.» Tre av ferievekene må avviklast samanhengande i tida 15. juni til 14. august. Dette med «hovudferie» vil difor fortsett vere likt. Men dersom ein går inn for 3 veker stengt barnehage på sommaren, vil det bli naturleg å ta hovudferien ut då. Dette vil gjelde dei 3 siste vekene i juli.

Dei fleste barnehagar har stengt 2-3 veker samanhengande om sommaren. Fyresdal har aldri hatt sommarstengt.

At barnehagen har vore open om sommaren har vore trygt og enkelt for foreldre og arbeidsplassar å forhalde seg til.

I barnehagen blir det meir krevjande for kvar sommar som går og finne vikarar og få ut samanhengande ferie for tilsette, då ferien for barna fordelar seg ut over heile sommaren.

Fleire ferievikarar, som ofte er ungdom, vil heller arbeide i helse, då dei tener betre her, grunna tillegg.

I tillegg er det fortsatt ei utfordring med at ikkje barn møter til oppsette dagar, slik at ein har ved fleire høve bruka vikarar ekstra på dagar/veker det ikkje har vore behov.

I fleire høve har leiar i barnehagen også måtte flytt ferien til tilsette for å tilpassa drift.

Ei ordning med 3 veker stengt vil gje ei betre organisering av ferie og forhåpentlegvis mindre innleige av vikarar på sumaren.

Å ha sommarstengt barnehage er veldig vanleg i mange kommunar. Det er ein fast periode alle kan forhalde seg til og planlegge etter. Det er ei vanleg og nødvendig ordning i dei fleste kommunar, seier Statsforvaltaren.

Både barnegruppene og dei tilsette vil vere meir føreseieleg og trivsel og tilhøyr kanskje bli opplevd betre hjå barna.

Men å stenge barnehagen 3 veker kan sjølvstøtt bli ei utfordring for både enkelte familiar og bedrifter. Fleire familiar har lite nettverk og vil i starten av ny ordning ha vanskar med å balansere ferie, arbeid og barnepass.

Det er vanskeleg å seie noko om den økonomiske gevinsten, då dette heng saman med korleis ferien til dei enkelte barna blir fordelt, kor mykje vikarar ein må inn med og samarbeid med SFO. Ein ser for seg ei innsparing på mellom kroner 50.000 – 100.000,- med 3 veker sommarstengt.

Andre endringar i vedtektene viser seg i dokumentet slik:

- Overstryk - setningen kan ikkje kan stå slik lenger eller må justerast
- Raud tekst - er nytt forslag.
- Grøn tekst - føresette er endra til foreldra, då loven brukar dette.
- Lilla tekst - flytta frå ein anna stad.

Tidlegare sto dette: «Barnehagen har ikkje opptak i mai og juni».

Endringa med ikkje opptak i mai og juni kom for nokre år sidan og var på bakgrunn av erfaringar frå både tilsette og familiar. Å starte opp som nytt barn i det tilsette går ut i ferie, ukjende vikarar kjem inn og at barnet sjølv etter kort tid skal ut att i ferie blei utfordrande for dei minste.

Dette er nå spesifisert til: «Barnehagen har ikkje opptak av 1-åringar i mai og juni».

Grunna erfaringar ein har med at dei eldre barna ikkje er like sårbare for endring, difor er punktet spesifisert til 1-åringane.

Konklusjon:

Vedtektene skal innehalde opplysningar som er av betydning for foreldra sitt forhold til barnehagen. Vedtektene skal innehalde relevant informasjon. Endringar i vedtektene som er viktige for foreldregruppa skal leggjast fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Vedtaket i kommunestyret i desember 2024 er informert til samarbeidsutvalet i barnehagen som har kome med ei uttale. Uttala ligg ved saka.

Det er barnehageeigar sitt ansvar å fastsette vedtekter for barnehagen.

Styrar ved Fyresdal barnehage meiner at med ein fast stengingsperiode er det ein heilt anna administrativ jobb og planlegge ferieavvikling. Det vil også vere enklare å planlegge vedlikehald av bygningane. Det sikrar at alle får ta ut 3 veker av feriane sin utan behov for vikarinneleige. For dei foreldra som jobbar turnus eller ikkje har moglegheit til å ta ferie samtidig med barnehagen si stenging kan det skape ein del utfordringar. Dei som har lite nettverk kan slite meir enn andre

med å finne ein trygg og god plass for barna i ferien. Med tanke på dei særskilt sårbare barna og foreldra er det ikkje mogleg å finne andre løysningar når barnehagen har fast stenging. For at alle skal få god tid til å planlegge vil ordninga gjelde frå nytt barnehageår som startar 15.08.2025, altså for påfølgande sommarferie 2026.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Vedtekter for Fyresdal barnehage blir endra slik det kjem fram i vedlegget til saka. Nye vedtekter trer i kraft ved oppstart av nytt barnehageår i august 2025.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Janine Braemer
	styrar Fyresdal barnehage